

## Europaparlamentet: Drøfting av rettstatsmekanisme for EU-landa og høgnivåkonferanse om migrasjon

23. juni 2017

- *Europaparlamentet drøfta framlegget om ein mekanisme med demokrati, rettsstat og grunnleggjande rettar i medlemslanda, med nasjonale parlament i Brussel torsdag*
- *Europaparlamentet ynskjer ein fast saksordførar i nasjonale parlament for desse spørsmåla og årleg dialog*
- *Land som Polen og Ungarn skeptiske til ein slik mekanisme, men deltok likevel aktivt på møtet*
- *Europaparlamentet ville sette fokus på migrasjon gjennom ein stor høgnivåkonferanse onsdag*

### **Debatt med nasjonale parlament om ein mekanisme for demokrati, rettsstat og grunnleggjande rettar**

Europaparlamentet vedtok i [oktober 2016 ein resolusjon](#) som tek til orde for at EU etablerer ein mekanisme for å vurdere utvikling og etterleving av prinsippa for demokrati, rettsstat og grunnleggjande rettar som er nedfelt i artikkel 2 i EU-traktaten. Bakgrunnen er at medan det er klare krav til land som vil bli medlem av EU, er det ikkje nokon mekanisme for å sjekke utviklinga av desse tilhøva etter at eit land er blitt medlem. Det er spesielt utviklinga i Polen og Ungarn som har sett denne problemstillinga på dagsorden, men også i andre EU-land har spørsmål knytt til korrupsjon, uavhengige domstolar og mediefridom vore på dagsorden dei siste åra.

Borgarretts-, justis- og innanrikskomiteen (LIBE) i Europaparlamentet hadde i går invitert nasjonale parlament til [drøfting om denne mekanismen](#). Sophie in 't Veld (ALDE, Nederland) frå LIBE, sa innleiingsvis at målet med mekanismen er å sikre ei permanent overvaking av alle EU-landa basert på ein felles metode og fakta. Dette kan i stor grad byggjast på eksisterande indikatorar og rapporteringar som skjer i EU og i andre institusjonar. Ideen er også å ha eit uavhengig panel som kan gå gjennom resultatane og kome med tilrådingar. Det sentrale er å sikre at alle land kontinuerleg blir vurdert og at eit land ikkje berre får merksemd etter at det har skjedd omfattande endringar i landet (implisitt slik som i Ungarn og Polen). Ho tok til orde for at alle nasjonale parlament bør ha ein fast saksordførar med ansvar for dette saksområdet og som kan delta i diskusjonar på europeisk nivå. Målet er å ha årlege drøftingar med nasjonale parlament om desse problemstillingane. In 't Veld sa EU ikkje berre er eit økonomisk fellesskap, det er også eit verdifellesskap. Jamvel om det kan vere politiske skiljeliner, er det visse ting som ikkje er relativt. Dette er klart nedfelt i EUs traktatgrunnlag og andre dokument. Likskap for loven og ikkje-diskriminering er døme på to slike verdiar. Dette er ikkje eit spørsmål om at nokon skal dytte liberale verdiar ned over hovudet på andre. Det handlar om at EU berre kan fungere dersom landa kan stole på kvarandre. Ikkje minst gjeld dette den indre marknaden.

I debatten i møtet mangla det ikkje på kritiske synspunkt. Ikkje uventa var det mange nasjonale parlamentarikarar og medlemmer av Europaparlamentet frå Polen og Ungarn og også Romania og Tsjekkia som var kritiske til ideen om ein slik mekanisme. Fleire meinte EU var i ferd med å ta seg til rette utover det som følgjer av traktatgrunnlaget og at ein slik mekanisme ville vere i strid med nasjonal sjølvråderett. Det syntes klart at representantar frå desse landa oppfattar mekanismen er basert på eit mål om å «ta» visse land. Andre spurte om EUs verdiar nå skulle leggjast i hendene på juristar?

Samstundes var det andre som rosa initiativet og som sa at Polen og Ungarn ikkje er blitt tvunge inn i EU. Landa har sjølv vald å slutte seg til eit fellesskap som har visse

grunnleggjande reglar og må respektere desse. Frank Engel (EPP, Luxembourg) sa t.d. at dersom visse land føler at reglane i EU ikkje passar for dei, må dei eventuelt gjere som Storbritannia og gå ut av EU. Ein nederlandsk parlamentarikar viste til at ein del av dei som er skeptiske til EU i Nederland er skeptiske fordi dei meiner nokre medlemslanda har verdiar som ikkje passar med nederlandske verdiar. Korleis vil du eg skal forklare utviklinga i Polen til dei, spurte han retorisk ein polsk parlamentarikar.

Situasjonen for domstolane var tema for ein eigen sesjon. Kommisjonen har sidan 2013 gjennomført ei årleg vurdering av nasjonale domstolar. På visse område har det i mange land vore ein vesentleg framgang, t.d. er det nedgang i behandlingstida for sivile saker. Tilgangen på fri retts hjelp er også betra i mange land. Samstundes er det store skilnadar i behandlingstida for kriminalsaker mellom ulike land. I visse land er behandlingstida så lang at det går ut over kampen mot kvitvasking og korrupsjon. Det er også store skilnadar i bruken av ikt-verktøy. Det påverkar både effektiviteten i domstolane, men også kor lett det er for borgarane å bli informert. Kommisjonen har arbeidde med å utvikle verktøy som kan seie noko om kor uavhengige domstolane er i dei enkelte land. Dette skjer mellom anna ved gjennomgangar av korleis dommarar blir utnemnd og av i kva grad ein dommar kan bli omplassert mot eige vilje.

Ein representant for det europeiske nettverket for domstolsråd (Councils of the Judiciary) orienterte om sitt arbeid som mellom anna følgjer med på korleis dommarar blir utnemnde og om domstolane er uavhengige. Nettverket har eit samarbeid med EU-domstolen når det gjeld å vurdere situasjonen i dei enkelte landa. Nasjonale dommarar i EU-landa er i stor grad også EU-dommarar sidan dei ofte skal dømme i saker som gjeld tolking av EU-retten. Da er det viktig at alle har eit minste felles nivå. Polske representantar følte seg igjen spesielt truffe. Representanten for nettverket sa at i ei anonym undersøking hadde 74% av polske dommarar sagt at regjeringa ikkje respekterer at dei er uavhengige. Desse tala taler for seg sjølv.

#### *Kommentar*

*Eit viktig poeng med møtet i går var å sikre dialog om eit tema som er viktig både i seg sjølv, men også for heile EUs verkemåte. Den indre marknaden kan ikkje fungere utan tillit til at alle land har eit visst mistenivå knytt til rettsstat og demokrati. Dermed har debatten ei viktig økonomisk side. Det er interessant at sjølv land som er kritiske til å bli kikka i korta, likevel bruker tid og krefter på å kome til Brussel for å delta i debatten om dette.*

#### **Høgnivå-konferanse om migrasjon**

Europaparlamentet var onsdag vertsskap for ein [høgnivåkonferanse om migrasjon](#) leia av parlamentspresident Antonio Tajani. Også kommisjonspresident Jean-Claude Juncker, EUs høgrepresentant for utanriksaker Federicia Mogherini og den libyske statsministeren Fayez al-Sarraj innleia på konferansen som hadde over 700 deltakar deltakarlista.

[I si innleiing la Tajani](#) vekt på at Europaparlamentet må ha ei tydeleg røyst i den europeiske migrasjonsdebatten. Målet med konferansen var å gje eit klart signal til møtet i Det europeiske råd som starta i går der migrasjon er ein av hovudsakene. Både han, Juncker og Mogherini understreka at EU har oppnådd mykje dei siste åra på migrasjonsområdet. Dette omfattar både intern politikk i EU, ekstern grensekontroll, men også samarbeidet med andre land som Tyrkia, Libya og land som er opphavsland for mange av dei som nå prøver å krysse Middelhavet. Dei understreka også behovet for solidaritet med dei landa i EU som mange av flyktningane kjem til (Hellas og Italia) og med land utanfor EU. Det er også behov for langsiktig innsats for å sikre vekst og stabilitet i mange land i Afrika. Den libyske statsministeren takka for støtta EU har gitt landet. Det er ei enorm oppgåve for landet å patruljere grensene i sør og bad om økonomisk støtte til dette. Han bad om at FN's sanksjonar mot landet blir oppheva. Det er samstundes vanskeleg å få kontroll med grensene så lengje det ikkje er ro og stabilitet korkje internt i landet eller i nabolanda.

Etter innleiingane var det ei lang taleliste for debattane knytt til handtering av migrasjon- og asylstraumen, fremje stabilitet og vekst i tredjeland og korleis ein kan sikre EUs interne sikkerheit.

#### *Kommentar*

*Innleiarane frå EU-sida gjentok ikkje overraskande kjende synspunkt, inkludert Juncker som sa nesten det same i som han sa i plenum i Strasbourg førre veke. Det kom derfor lite nytt fram på denne konferansen som også hadde for tett program til å bli ein møteplass for reell debatt eller for uformell dialog og samtale. Fleire er nok meir interessert i kva [EUs stats- og regjeringssjefar](#) blir samde om på toppmøtet i går og i dag.*

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar  
Stortingets Brussel-kontor  
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11  
Mobil: +47 917 68 598  
E-post: [psn@stortinget.no](mailto:psn@stortinget.no)

[www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)